



Den gjeve prisen som SPAR Uskedalen fekk før helga som Årets SPAR-butikk var på 154 000 kroner.. Kjededirektør Ole Fjeldheim overrakte prisen saman med kveldens konferansier Arne Hjeltnes (biletet over). Kjededirektøren slo fast at han hadde hatt en krevjande jobb med å velja ein vinnar blant dei gode kandidatane og til slutt hadde han valet mellom 6 nominerte: SPAR Uskedalen, EUROSPAR Brumunddal, SPAR Kristensen, SPAR Lakselv, SPAR Evje og SPAR Eidsnes.

Butikkane vart mellom anna målt på desse kriteriane:

- * Kampanjgjennomføring
- * Kundetilfredsheit
- * Utvikling på fokusområda i kjeden
- * Årsresultat
- * Lokalt engasjement

Juryen hadde denne grunngjevinga:

SPAR Uskedalen har hatt en rivende utvikling gjennom mange år og etter utvidelsen i fjor har de tatt omsetningen til nye høyder. Butikk og eiere er lojale, og lever ut vår nye visjon om å levere den beste lokale handleopplevelsen.

De skiller seg spesielt ut ved å levere på personell og ledelse, og gjør seg bemerket på en svært positiv måte i nærmiljøet gjennom mange gode nærmiljøtiltak.

SPAR Uskedalen har alle nærbutikkens gode egenskaper!

Trass i hard konkurranse var det ein samrøystes jury som gjekk inn for butikken i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen